

LINDÅS KULTURRÅD

Lindås kommune
v/ Ordførar Astrid Aarhus Byrknes

22. aug 2018

5914 Isdalstø

Ad. leige av kommunale bygg for frivillige lag og organisasjonar

Lindås kulturråd fekk ein henvendelse frå Songlaget Alvidt/Manger i juni mnd., angående eit krav frå Knarvik ungdomskule pål. kr. 17.200,- for leige av rom i skulen til songøving hausten 2018 og våren 2019, jfr. vedlegg 1. Laget har nytta kommunale skulebygg i fleire tiår utan å få økonomiske krav for bruken. Denne saka vart imidlertid løyst etter at songlaget dokumenterte at dei får tilskot frå vaksenopplæringa og kravet vart då sletta.

På bakgrunn av denne henvendinga ba Lindås kulturråd om ei nærare avklaring /tolking av vaksenopplæringslova frå Kulturdepartementet, jfr. svar i vedl. 2. Der kjem det fram at det kun er kurs etter vaksenopplæringslova som gjev rett til gratis øvingslokale. Det er mange lag for vaksne, både kor, korps, orkester m.v. som driv med ulike kulturaktivitetar og som ikkje arrangerer dette som kurs etter vaksenopplæringslova, og dermed ikkje kjem inn under fritak for leige.

Det er mykje kulturell aktivitet på skulane rundt om. Skal dei no risikera å få krav på leige, vil dette gå drastisk ut over det blomstrande kulturlivet i kommunen. Vi er klår over at born er fritaken for leige etter det nye regulativet, men vi meiner dette også burde gjelde for dei vaksne sine kulturaktivitetar.

I retningsliner for utlån av skulerom i Lindås kommune pkt 1, revidert i levekårsutvalet 01.06.09, , står følgjande:

«Kommunen skal vederlagsfritt låna ut skuleanlegg til undervisning, kulturelle og sosiale aktivitetar». Dette har «kulturen» forhalde seg til i mange år.

Lindås kulturråd vil be om at dette punktet frå tidlegare retningsliner vert vidareført slik at alle har gratis øvingslokale til kulturelle aktivitetar.

Vi vonar denne saka kan handsamast snarast slik at lag og organisasjonar unngår fleire krav på leige.

På vegne av styret i Lindås kulturråd



Einar Vatne
Styreleiar

Vedlegg:

1. Kopi av krav - Songlaget Alvidt/Manger
2. Kulturdepartementets tolkning av vaksenopplæringslova
3. Lindås kommune sine retningsliner frå 01.06.09

Epost

kulturrad@lindas.kommune.no



f.

Songlaget Alvidt/Manger v/ Rigmor Maria Korneliussen
Alvermarka 16
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar: Rigmor Korneliussen
Vår: 18/1818 - 18/20595

Saksbehandlar:
Morten Olsen Schulstad
morten.olsen.schulstad@lindas.kommune.no

Dato:
25.06.2018

Svar på søknad om lån av skulerom 2018/19

Viser til søknad, datert 06.06.18, om lån av musikkrom (amfi), skuleåret 18/19.

Skulen viser til Kommunestyresak 112/17, *Gebyr- og betalingsattsar 2018 for Lindås Kommune*, og kjem med følgjande tilbod:

Timepris for utleige gymsal/aula for foreiningar (ikkje kommersielle) og enkeltpersonar busette i Lindås kommune: 200,-

Totalsum for hausten: 18 dagar, to timar: 7 200,-

Totalsum for våren: 25 dagar, to timar: 10 000,-

Totalsum for skuleåret: 17 200,-

Skulen imøteser svar om de tek i mot tilbodet.

Med helsing

Morten Olsen Schulstad
rektor


Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Songlaget Alvidt/Manger v/ Rigmor Alvermarka 16 5911
Maria Korneliussen

ALVERSUND





DET KONGELIGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

2

Lindås kulturråd
v/ Einar Vatne

Deres ref

Vår ref
17/5706-8

Dato
10. august 2018

Tilbakemelding på spørsmål om tolkning av voksenopplæringsloven § 7 - om gratis bruk av undervisningslokaler

Vi viser til e-post av 8. august 2018 med spørsmål om tolkning av voksenopplæringsloven § 7 og forskrift om studieforbund og nettskoler § 10, vedrørende gratis bruk av offentlige undervisningslokaler.

Departementet vil innledningsvis nevne at reglene om gratis bruk av undervisningslokaler etter voksenopplæringsloven, bygger på prinsippet om samordnet ressursbruk. Det innebærer at offentlige investeringer innenfor undervisningssektoren skal komme studieforbundene til gode ved gjennomføring av kurs som gir tilskudd etter voksenopplæringslovens kapittel 2.

Etter voksenopplæringsloven § 7, skal undervisningslokaler der driftsutgiftene er dekket av det offentlige, etter søknad stilles vederlagsfritt til disposisjon for studieforbund og medlemsorganisasjoner ved gjennomføring av kurs med tilskudd etter kapittel 2 i loven. Nærmere regler for bruk av lokalene er presisert i forskrift om studieforbund og nettskoler § 10. I følge forskriften skal arrangøren av kursene ikke belastes for utgifter til lokalet, lys, varme, renhold, tilsyn og bruk av utstyr i lokalene.

I spørsmålet til departementet blir det vist til at det er mange sangkor og korps for både barn og voksne som har sine øvinger i kommunale skolebygg. Det er ikke nevnt om det er kurs etter voksenopplæringsloven eller vanlig øvinger. Departementet vil påpeke at det kun er i forbindelse med gjennomføring av kurs som gir stønad etter voksenopplæringsloven kapittel 2 som gir rett til bruk av undervisningslokaler etter loven. Det vil si at reglene om gratis bruk av undervisningslokaler ikke gjelder for ordinær kor- eller korpsøving.

Postadresse
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo
postmottak@kd.dep.no

Kontoradresse
Kirkeg. 18
www.kd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
872 417 842

Avdeling
Juridisk avdeling

Saksbehandler
Knut Astad
22 24 70 39

Departementet vil presisere at retten til gratis bruk av undervisningslokaler først inntreer når lokaleiers/utdanningsinstitusjonens bruk til egen undervisningsvirksomhet er oppfylt.

Med hilsen

Lars Vasbotten (e.f.)
avdelingsdirektør

Knut Astad
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Kopi : Kompetanse Norge

Utlån av skulerom – reviderte reglar pr. 01.06.09.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunen skal vederlagsfritt låna ut skuleanlegg til undervisning, kulturelle og sosiale aktivitetar.
2. Søknad om utlån vert sendt til rektor som administrer ordninga. Faste avtalar gjeld til avslutning av skuleåret.
3. Bruken av skuleanlegget må ikkje føra med seg ulemper for undervisninga. Ved avslutta leigedag skal romma vera møblert og rydda slik som ved start. Dette gjeld også skulen sitt uteareal.
4. Røyking og bruk av rusmidlar er ikkje tillete i bygningane eller på skulen sitt uteområde.
5. Ansvarleg låntakar skal vera over 18 år, og må gjera seg kjend med og fylgja dei reglar m.a. branninstruks som gjeld for utlån av dei ulike rom/anlegg. Låntakar er økonomisk ansvarleg for evt. skade som vert påført på anlegg og utstyr. Ved skade skal det straks meldast til rektor.
6. For utlån til kommersielt bruk skal det sendast søknad til kommunen ved rådmann via skulen.
7. Det kan gjerast tilpassingar med låsesystem slik at delar av bygget vert meir eigna til utlån. Nye utlånsreglar vert gjort gjeldande frå 1.6.09

Handsaming i Levekårsutvalet - 12.05.2009

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Levekårsutvalet - 12.05.2009

Rådmannen sitt framlegg er vedteke.